Bli bøsseberar også i år!

10.10.2009

Rodeleiar Møyfrid Kristoffersen, her fotografert ved nyinnflytta hus på Musland med panoramaet mot fjorden bak, treng 13 bøsseberarar til TV-aksjonen neste sundag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sundag 18. Oktober - altså neste sundag - går årets TV-aksjon av stabelen til inntekt for ein av verdas største hjelpeorganisasjonar CARE.Rodeleiar i Uskedalen Møyfrid Kristoffersen treng 13 bøsseberarar

Ho er også medlem av aksjosngruppa for Kvinnherad der dei andre medlemene er ordførar Synnøve Solbakken, Sissel Aarseth frå kulturkontoret og Anniken Kjeka frå Frivilligsentralen. I heile kommunen ynskjer dei 250 som kan gå ein tur med bøssene.
- Dette er den viktigaste søndagsturen i året, seier ordføraren.

-Eg håpar at flest mogeleg av dei som var med under innsamlinga til Blå Kors i fjor stiller opp att i år, seier Møyfrid, som har vore engasjert i TV-aksjonen i mange år og synes dette er ei kjekk og viktig oppgåve.

I fjor hadde ho som rodeleiar her i bygda 12 innsamlarar, men treng ein til for å få heilt tilfredsstillande dekning. Dei interesserte kan anten ringa henne direkte på 90 60 65 17 eller ringa det generelle nummeret 02025. Ved bruk av det siste nummeret kjem dei til koordinator Anniken Kjeka, som koplar vidare til Møyfrid. Ein kan også nytta www.tvaksjonen.no

Kva er så CARE? Organisasjonen, som har ein stab på 13.000 tilsette, hjelper kvinner i fattige land med å starta eigne grupper der kvinnene kan spara og låne pengar. Dermed kan dei byggja opp kapital til å investera i til dømes matvarer, jord, symaskinar eller dyr.

Sparegruppene hjelper kvinnene til meir fridom, større økonomisk tryggleik og ikkje minst større sjølvtillit. Mottoet for aksjonen er naturleg nok ”Hjelp til kvinner hjelper fleire”. Kva det konkret betyr blir illustrert slik av Tor Jørgen Sætervik på Søral,, som støttar prosjektet:
-Eg har vore i Burundi og der som i mange andre land er det ein ukultur mot kvinner. Menn vert mobba og utstøytt av andre menn hvis dei ikkje klarer å kua konene sine. Mannen oppfattar tradisjonsendringar som trugsmål mot hans posisjon og det går igjen ut over kvinnene.

Det blir presisert at tilbakebetalingskrava for kvinnene er strenge og at det krevst at kvar og ein som er med verkeleg gjer ein innsats.

Ifjor vart det samla inn 29.802 kroner i Uskedalen, ein nedgang frå året før då resultatet var 33.426 kroner. Men det går vel oppover att i år?

Av Ola ;Matti Mathisen